

**Fra:** Rannveig Djøgne (rannveig@olebull.no)

**Sendt:** 25.08.2017 09:26:22

**Til:** Tone Stedal Haugland

**Kopi:** Ronny Skaar

**Emne:** Innstilling folkemusikkstipend

**Vedlegg:** Oppsummering Folkemusikkstipend 2017.docx;Innstilling folkemusikkstipend 2017.docx

Hei!

Her kjem innstillinga frå rådet til [hardingfela.no](http://hardingfela.no) i høve Hordaland Fylkeskommune sine folkemusikkstipend. Det er berre å ringje dersom det er noko. Rådet har fått lese igjennom innstillinga før eg no sender den vidare til dykk.

I høve utdelinga så vonar me at nokon frå Hordaland Fylkeskommune har høve til å koma å dela ut stipenda under Osafestivalen i år også. Eg har gått igjennom programmet saman med festivalsjef Tormod Kleiveland. Det er jubileumsår for Ole Bull Akademiet i år (40 år), og difor kjem det til å verta fleire talar og markering av dette under opningskonserten. Stipenda kjem til å "drukna" litt, samt at det er kjekt å spreie talane litt utover av omsyn til publikum. Me veit tilfeldigvis også at ho som er innstilt som vinnar av stipendet på kr. 50 000 ikkje er på Voss før veldig seint fredags kveld (men er til stades resten av festivalen).

Me har sett på programmet og har eit forslag på at stipenda kan delast ut laurdags kveld under festivalen - 28.oktober kl. 1900 i Osasalen. Dette vert rett før ein heidundrande konsert med Gabriel Fliflet og dans og liv utover kvelden. Kva trur de om det?

Beste helsing

Rannveig Djøgne

Prosjektkoordinator for [hardingfela.no](http://hardingfela.no)

Tlf.nr. 47291012